



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE



Handsaming av

# potensielle toppidrettsutøvarar

Gjeld tilbod i Sogn og Fjordane



november 2008

[www.sfj.no](http://www.sfj.no)



# HANDSAMING AV POTENSIELLE TOPPIDRETTSUTØVARAR

## FYLKESKOMMUNEN

### Ansvar

- er ansvarleg for inntak av søkjarar til dei vidaregåande skulane og formidling av lærlingar til lærebedrifter
- skal sende søknad med vedlegg til idrettskrinsen før 1. april
- er ansvarleg for å sende dokumentasjon til den skulen søkjaren er innteken ved i løpet av april månad
- er ansvarleg for å melde ifrå til søkjaren om resultatet av inntaket i løpet av april månad
- er ansvarleg for å gi melding til Sogn og Fjordane Idrettskrins i løpet av april månad

## VIDAREGÅANDE SKULE

Det vil seie fylkeskommunale vidaregåande skular i Sogn og Fjordane.

### Ansvar

- det skal utarbeidast ein individuelt tilpassa plan i forhold til opplæringa for den potensielle toppidrettsutøvararen. Skulen skal ha ein kontaktperson som er ansvarleg for å planlegge og følgje opp individuelle planar saman med elev og fadder. Skulen har koordineringsansvaret for planlegging og oppfølging
- skal avtale ordning om fråvær ("idrettsfråvær" og "ordinært fråvær")
- skal teste eller prøve ut på annan måte om eleven har gjennomgått den avtalte mengda lærestoff mens han/ho hadde idrettsfråvær

## SØKJAREN

### Ansvar

- er ansvarleg for å melde interesse for ordninga til moder- og/eller vertsklubb
- er ansvarleg for å skaffe og legge ved den nødvendige dokumentasjonen i søknaden til opplæringsavdelinga
- skal gje endeleg melding om at han/ho tek plassen når han/ho reint formelt får melding om inntak i det ordinære fellesinntaket
- er ansvarleg for saman med skule og fadder, å planlegge og følgje opp den individuelle planen. Skulen har koordineringsansvaret for planlegging og oppfølging mens eleven går på vidaregåande skule
- er ansvarleg for å gi skulen melding om lengre fråværsperiodar i starten av semesteret eller så snart som mogeleg. Treningssamlingar og representasjonsoppgåver skal dokumenterast. Skulen skal i samarbeid med elev og fadder lage eit opplegg for sjølvstudium eller skriftlege oppgåver under fråværet
- er ansvarleg for å gjennomføre avtalt/e sjølvstudium/oppgåver under lengre fråværsperiodar
- skal eleven ut i lære er han/ho saman med fadder og føresette, ansvarleg for å kome fram til ein avtale med lærebedrifta om tilpassa lærekontrakt. Elles vil lærlingen ha dei same plikter overfor lærebedrifta som eleven har overfor skulen

## **SOGN OG FJORDANE IDRETTSKRINS**

Sogn og Fjordane Idrettskrins er paraplyorganisasjonen til idrettslaga og særkrinsane i fylket. Idrettskrinsen er samordning- og kontrollinstans og har ansvar for møte/avtalar og liknande som koordinerer dei ulike partane, den har og ansvar for å informere og vere påminnar for særkrinsane om ordninga.

### **Ansvar**

- skal gjere vedtak om kva idrettsutøvar som er kvalifisert for å kome inn under ordninga
- skal innhente uttale frå særkrinsane om potensialet til utøvaren. I dei tilfelle der det er idrett utan organisert særkrins, vil idrettskrinsen kunne gå god for eventuelle krins- og forbundsaktivitetar

## **SÆRKRINSEN**

Særkrinsane representerer særiddrettane og koordinerer deira aktivitet i fylket.

### **Ansvar**

- stadfester aktivitet på krins- eventuelt forbundsnivå for utøvar og returnerer saka til idrettskrinsen
- skal i tillegg gi uttale til Sogn og Fjordane Idrettskrins om utøvaren sitt potensiale for å nå eit prestasjonsnivå som kjem inn under definisjonen på den potensielle toppidrettsutøvaren
- er ansvarleg for at informasjon til potensielle toppidrettsutøvarar kjem ut i kvar einskild idrett

## **VERTSKLUBBEN**

Vertsklubben er den klubben som tek imot og trenar den potensielle toppidrettsutøvaren. Dette i dei tilfella utøvaren må flytte for å kunne kombinere idrett og opplæring. I dei tilfella det er mogeleg å fullføre vidaregåande opplæring og kombinere dette med satsing på idrett på heimstaden, vil det vere moderklubben som ivaretek dei skisserte oppgåvene til vertsklubben.

### **Ansvar**

- stadfeste avtale med utøvaren om innpass i klubben
- når klubben eller utøvaren ønskjer overgang, ta kontakt med moderklubben for å forhandle fram avtale om vilkår
- melde skriftleg i frå til Sogn og Fjordane Idrettskrins om kontakten mellom klubbane, kva idrettsutøvar det gjeld og at han/ho ønskjer å kome inn under ordninga
- hjelpe og rettleie utøvaren med søknadane til i første omgang idrettskrinsen for å verte definert som potensiell toppidrettsutøvar, og i neste omgang søknad om skuleplass
- legge til rette for bustad
- i samarbeid med trenar utarbeide treningsopplegg/årsplan for utøvaren. Dette skal dokumenterast skriftleg overfor idrettskrinsen
- er økonomisk ansvarleg for utgifter til eigentrening i skuletida som er i klubben sin regi
- har ved endring av klubb same ansvar som moderklubben utøvaren opprinneleg kom ifrå
- er ansvarleg for å ta kontakt med Sogn og Fjordane Idrettskrins viss utøvaren flytter

## **MODERKLUBBEN**

Moderklubben er den klubben som utøveren er medlem av og representerer.

### **Ansvar**

- forhandle fram avtale om vilkår når utøvar ønskjer overgang til vertsklubb

### **I dei tilfelle det er mogeleg å fullføre vidaregåande opplæring og kombinere dette med satsing på idrett på heimstaden, skal følgjande oppgåver ivaretakast**

- melde skriftleg ifrå til Sogn og Fjordane Idrettskrins om at utøveren ønskjer å kome inn under ordninga
- hjelpe og rettleie utøveren med søknad til i første omgang idrettskrinsen for å verte definert som potensiell toppidrettsutøvar, og i neste omgang søknad om skuleplass
- i samarbeid med trenar utarbeide treningsopplegg/årsplan for utøveren. Dette skal dokumenterast skriftleg overfor idrettskrinsen
- er ansvarleg for å ta kontakt med Sogn og Fjordane Idrettskrins viss utøveren flytter.
- er økonomisk ansvarleg for utgifter til eigentrening i skuletida som er i klubben sin regi

## **FADDER**

Det bør vere ein dialog mellom dei ulike partane, (utøvar, moderklubb og vertsklubb) for å oppnemne ein fadder som er tenleg for utøveren. Fadderren skal følgje opp utøveren under opplæring og er hovudansvarleg for at samarbeidet mellom klubb og føresette samt klubb/utøvar og skule/lærebedrift fungerer tilfredsstillande.

### **Ansvar**

- er ansvarleg for å utarbeide individuelle planar saman med elev/lærling og skule/lærebedrift. Skulen/lærebedrifta har koordineringsansvaret for planlegging og oppfølging
- skal, viss det som følgje av den idrettslege aktiviteten oppstår problem i samarbeidet mellom elev/lærling og skule/lærebedrift, arbeide for å finne akseptable løysingar for både partar. Det skal vere ein hovudregel at idrettsleg aktivitet ikkje skal gå ut over skulearbeidet
- er ansvarleg for kontakt/samarbeid mellom klubben og dei føresette
- skal i samarbeid med skule og utøvar, sjå til at han/ho finn seg til rette i nærmiljøet viss vedkomande bur borte frå heimen